

Synspunkt på Gudbrandsdalsseminaret gjennom ti år

Kirsti Krekling

GUDBRANDSDALSSEMINARET – nokre synspunkt

Eit viktig aspekt ved Gudbrandsdalsseminaret har vori det sosiale.

Det er verdfullt å møta personar ein berre kjenner namnet på og kanskje arbeidsområdet til.

Arrangørane har hatt ei tydeleg meining med avsett tid til samtale og møte mellom deltakarane.

Kaffen før seminaret startar, pausar og lunsj er med på å skapa kontakt her og no, men òg vidare i det kulturhistoriske arbeidet.

Bruken av lokale krefter i seminaret styrkar òg kunnskapen om faglege ressursar i lokalsamfunnet vårt.

Det er vanskeleg å framheva det beste emnet, dei beste foredragshaldarane og det beste seminaret.

Arrangørane skal ha all ros for den store variasjonen og for arbeidet med å finna fram til mange gode formidlarar.

Seminaret har – for min del – vori inspirerende i kultur- og lokalhistorisk arbeid.

Publisering av innlegga på nettet og delvis i Årbok for Gudbrandsdalen er nyttige kjelder og verdfullt materiale.

Møte med deltakarar og andre fagfolk, som har formidla gode idear, nye tenkemåtar, nye metodar og forskning har vori svært interessant. Og difor var fleire innlegg for avgrensa i

tid. Mitt ønskje er at eitt eller to foredrag får større plass i seminaret. Talet på innlegg blir på den måten redusert, men verdien av eit hovudforedrag vil vera stor.

Tusen takk til arrangørane for det store og verdfulle arbeidet dei har utført for

Gudbrandsdalsseminaret!